



Jan Helge Alvær
Soltveitvegen 62
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2172 - 19/25420

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
26.08.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 132/30

Tiltak: Ombygging av avkjørsle til kommunal veg
Byggjestad: Gbnr: 132/30 Soltveitvegen 60
Tiltakshavar: Jan Helge Alvær
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Delegasjonssak nr.: 471/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for 1 bustadeining datert 26.07.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vart i 2018 gitt uttalle til byggesak vedk. avkjøringstillatelse frå kommunal veg Soltveitvegen. I uttalen bad vegavdelinga om at utbyggjar såg vidare på dei 2 alternativa søkjar hadde skissert.

Vurdering/drøfting:

Søkjar har saman med utbyggjar vurdert at alternativ 1, dagens avkjørsle i justert form, var det atlternativet som let seg realisera.

Vegavdelinga har vurdert det innsendte og justerte alternativ 1 og meiner denne løysinga er eit mykje betre alternativ enn dagens avkjørsle.

Samandrag/konklusjon:

Vegavdelinga godtek det nye forslaget vist på Situasjonsplan 903, datert 20.06.2019 og kartutsnitt 202, datert 13.07.2019.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyyvet er gjeve på følgjande vilkår:



- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Avkjørsle skal vere opparbeida i samsvar med omsøkt alternativ som vist på Situasjonsplan 903, datert 20.06.2019 og kartutsnitt 202, datert 13.07.2019.
- Siktsoner kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Helge Alvær
Kålås Bygg AS

Soltveitvegen 62 5911
Torvhusmyrane 2 5913

ALVERSUND
EIKANGERVÅG